

# Status prosjekter Vågå kommune

## Eidsiva Bredbånd - prosjekt med støtte frå 2018

Prosjektnamn	Kommune	Prosjektnamn EB	Status desember 2023
Skogbygda-Skårvangen	Vågå	Skogbygdi	23 adresser som blir forsinka grunna manglande fellesgrøft med Fjellnett. Kundane kan heva si avtale med Eidsiva Bredbånd utan gebyr om dei ynskjer det.
Lia og omegn	Lom og Vågå	Liagrendi	32 adresser som blir forsinka grunna manglande fellesgrøft med Fjellnett. Kundane kan heva si avtale med Eidsiva Bredbånd utan gebyr om dei ynskjer det.

## Global Connect - prosjekt med støtte frå 2019 og 2020

Prosjektnamn	Kommune	Prosjektnamn - HN	Status desember 2023
Garmo – Storviksroe	Vågå og Lom	SDU Tessand - Garmo	Ferdig.
Vågåmo-Lalm langs Rv15	Vågå	SDU Sandbu - Lalm	Ingen oppkoplinger i 2023 grunna forseinkingar i fellesføring med Fjellnett. Planen er å starta oppkopling av kundar i medio februar 2024.

## Eidsiva Bredbånd - prosjekt med støtte frå 2021

Prosjektnamn	Kommune	Prosjektnamn EB	Status desember 2023
Vågåmo - Tessand	Vågå	Vågåmo Tessand	Startar graving/pløying kommande gravesesong. Planlagt oppkopling kundar frå november 2024.
Øvre del Øygardsvegen	Vågå	Sveaholen tillegg	Fjellnett skal kabla her og det skjer neste år. I dette området finns det ein del eksisterande rør. Fiberblåsing startar i løpet av vinteren om dei er opne. Planlagt oppkopling kundar frå november 2024.
Rustvegen	Vågå	Rustvegen	Fjellnett skal kabla her og det skjer neste år. Oppstart kommande gravesesong. Planlagt oppkopling kundar frå oktober 2024.

## Eidsiva Bredbånd - prosjekt med støtte frå 2022

Prosjektnamn	Kommune	Prosjektnamn	Status desember 2023
Lalm - Sel grense	Vågå		Signert kontrakt med Eidsiva Bredbånd.
Hølmo	Vågå		Signert kontrakt med Eidsiva Bredbånd

## Innvilga støtte til utbygging breiband 2023

Prosjektnamn	Kommune	Prosjektnamn	Status desember 2023
Neset	Vågå		På utlysing Doffin – frist anbod 29.9.2023

Det er mykje pågåande fiberutbygging i Nord-Gudbrandsdalen. Prosjekta som fekk støtte i perioden 2018 til 2020 skulle etter planen alle vera ferdige innan årsskiftet. Dessverre skjer det alltid ting som ligg utanfor utbyggjar sin kontroll og som vil som påverka framdrifta. Dette har nok skjedd i området Liagrendi og Skogbygdi og Vågåmo-Lalm.

I tabellane finn du status på prosjekta der utbygging held på i din kommune. Det er eit nasjonalt mål at alle husstandar innan slutten av 2025 skal ha tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingskapasitet. Vågå kommune får full dekning på 100 Mbit/s når det siste området som fekk støtte no i 2023 er utbygd. Er du fastbuande som meiner at du ikkje har fått tilbod om breiband enno eller ikkje bur i eit av dei områda som i dag er under utbygging eller på utlysing, ta kontakt med kommunen.

I Innlandet fylkeskommunes kartløysning kan du sjå status er i din region.  
[Du finner kartet her.](#)

